



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Reinholdar - 50% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Ved avdeling for Eigedom, anlegg og beredskap er det ledig fast 50 % stilling som reinholdar. Reinholdaren vil inngå i eit team med fem andre reinholdarar, som har ansvaret for reinholdet av sjukeheimen, helsestasjonen, legesenteret og for vaskeridriften ved sjukeheimen.

### Arbeidsoppgåver

Oppgåvene omfattar dagleg reinhold av sjukeheimen med pasientrom og alle tilhøyrande lokale, helsestasjonen og det kommunale legesenteret. Arbeidet kan også omfatte oppgåver ved vaskeritenesta på sjukeheimen, og ekstraordinært reinhold / nedvask. Leiande reinholdar fordeler oppgåvene.

### Kvalifikasjonskrav

Vi søker deg som har fagbrev som reinholdar.

Vi vil legge vekt på at den som får stillinga

- Har erfaring som reinholdar
- Har positiv tilnærming til oppgåvene
- Tek ansvar og kan arbeide sjølvstendig
- Likar å samarbeide
- Arbeider effektivt
- Likar kontakt med pasientar og brukarar
- Legg vekt på god service
- Har gode referansar
- Er lojal

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning og fleksibel arbeidstid.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 07.08.2017

Utlyst dato 27.06.2017

Vårref

682/17

### Kontaktperson

Margretha Fløysand, Leiande reinholdar, mobil: 91889168, Margretha.Floysand@meland.kommune.no